

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke:

Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Fjell

Emne:

Transport av høy

Bygdelag:

Søre luten

Oppskr. av:

Hans Olsson

Gard:

Nordvik

(adresse):

Nessjøen
pr. Bergen

G.nr.

4

Br.nr.

4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Transport av høy og ljo (det er rått gras) har på gamal tid gjenge for-seg slik, at kar-falka bar det i bårder på ryggen. Og på dei fleste mindre bruk, med besetning på 2 - 3 og 4 kyr og 10 - 12 sauer, foregår det på same måten den dag i dag.

Og tenker då berleg på transport av turrhøy. På hesjer, som her brukast mykje av til å tørka høyet i, og heim til lóa. Ljo vert oftast boren på bære frå der det er slege og til næraste hesje. Her hjå oss, altså på Nordvik brukar me hand-kyrre, for her er bra flatt birtover løen.

På dei større bruk nyttast hestekraft, og det har vore brukt her i omlag 50 år.

2
Utslatter, eller å slå i
utmarka er ikkje brukt her,
og då her er lite beitemark,
må kyr og sau ha kvar
grasnal som veks utom
beigarden. Det har heller
ikkje vore i bruk før,
korkje i far eller bestefar si
tid.

Samanheng med dette kan
nemnast, at før utskiftingen
på Nordvik, den var ferdig 1905,
hadde oppsittjarane her eit dyrka
jelles-marka-stykke som var
kalla "hopastykke".

Det vart sleie av eigarane
ilag, og når høyet var
tørvt vart det delt i
fengjer på kvart bruk.

Vikt vart ikkje brukt.

7 fengjer vart lagt på eit
böratag. Det var vanleg bora.

Han som skulle bora, knepte
hennu og sette seg for bora,
og han som hjelpte beraren
å koma seg på fot stod
attanfor og skiva på.

Beraren la seg liggje over venstre
aksla (skuldra) og dreg til
mest alt han vinn. Det er
omågera at bora er godt
knept, so ho ikkje sig
for langt ned.

Börstägget er av hamp eller manilla, kring $6\frac{1}{2}$ fann langt; ^{det vert} lagt dubbelt, med hövda i bukta på laget. Thorg (kjipa) er mykje brukt her når bruustorve skal til tins, og likeins vert her borte mykje lang frå fjara og strand, til under = breidsla for bån og gris.

Dei båra er alltid, her hjå oss, samansatt av to armar på langs og tverrfjeler med passande mellomrom.

Borna er mest alltid med i slott-onna. Dei bærer ljo til breidsle-vollen, og dei sette sater.

Det er høyt som er breid ut og har fått ein dags tirk.

Det vert sett i sater om kvelden, og dei ser ut som store titer bort etter vollen.